



mandal-mannskapet ved Barden i Uskedalen torsdag kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Når båtar med særpreg sig inn mot hamnane våre uteblir som regel ikkje dei spontane reaksjonane. Såleis også torsdag kveld, då fiskekuttaren SS Barden frå Mandal - som etterkvart har vorte till ei fullblods seilskute - la til lengst ute i båthamna. Det vara ikkje lenge før uskedalen.no hadde fått varsel frå fleire om at ei skute med særpreg var kome til bygds.**



[Barden for fulle segl!](#)

- Hyggjeleg å få ei slik mottaking. Men vi er vel vane med merksemd der vi kjem, sa skippar Rune Braadland. Mannskapet no er ein storfamilie på sju som har ein herleg, tre vekers ferie. Første veka var sørlendingane i Ryfylke, no er dei i Sunnhordland og Hardanger andre veka og tredje veka blir nytta til heimreisa. Skuta snur i Norheimsund, der eigaren stig ombord og overtek kommandoen sjølv.



©Knut A Myklebust

Uskedalen neste! (Foto: Knut A. Myklebust)

Men kva er det så som er så spesielt med denne skuta og som får folk med sans for aldrande båtar til å sperre auga opp? Ho vart bygt i 1925 i Rognan i Salten som ein motorkuttar til bruk for fiske - med to master og ein motor på 28 HK. Etter krigen vart kuttaren ombygd og forlenga og nytta til fiske fram til 1976. I denne perioden vart båten nytta på fleire lange fisketurar - mellom anna åtte turar til Bjørnøya!

Etter 1976 kom ein ny eigar som restaurerte båten. Seinare var det fleire eigarar som rusta han opp ytterlegare, mellom anna med ein 150 hesters motor. No er det Andreas og Catrine Loland som har Baarden. Dei har gjennomført ei omfattande restaurering gjennom seks år. Då vart båten fullstendig ribba innvendig og all innreiing bygd opp att frå botnen av.

Barden er 57 fot lang og sertifisert for 33 passasjerar og eit mannskap på to for skjærgårdsturar. Skuta blir nytta i charter frå 1. mai til 31. august og blir leigd med skipper og mannskap.

- Båten er ypperleg til firmaturar eller selskapsturar og byr på ei herleg sommaroppleving, heiter det i skrytebrosjyra.

Av Ola Matti Mathisen